Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Fylke: Sör Trondelag

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Vinje i Uemne

Emne: Matskikkar før og no Bygdelag: Uemne

Oppskr. av: Guri Lomundal Gard: Vosslia

(adresse): Vossli bredhus. T. heim G.nr. 135 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Før det mesle. Eger 75 aar

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

alder 75 husmor.

SVAR

1 Ja baade før og no.
2 Store huslyder ved langborde. Smaa ved skjova
2 Heile huslyden ved same bord. Ja det er skjikk
3 Før - det vit eg for 50-60 aar sia emo
aat alle ved langborde i stua. Paa kjøkene
var mest alder bord - bere brede benker.
No er det visst vanleg aa eta paa kjøkene
baade tjenara og husbonsfolk paa samo
tid, om arbeide tillett det!
4 Finds det eit hus der husbondsfolke
et likar mat enn tjenarne, er dette
halde for svapas stor uskjikk, at
dem har vant for aa faa tjenara -
serleg no.
5 Ja
6 I høgtidshelger et heile huslyden i
stua og ellers naar ein har gjestar. Men
da kan det hende det er bere husbon som
sett atme gjesterne. Men i gamle dagar
satt gjesterne øvst ved langborde i stua
og heile den huslyden som naar huset
tilf var plasert nedover langborde. Dette
maatte som regel vera saa stort at
fleire enn husets folk ha plads.

5040

 

7 Ja Húsbonden i högsete. Men om far hans eller ein gamel som hade huset til levde, satt han i högsete om han ikkje var alt for aofeldig. "Oppi benka" den benken som följer langveggen satt húsbon först i tilfelle faren sat i högsete. Og nærast han elste drengen eller gamle hús-menn som hadde varre poa gara all sej dag. Slikt bruka aa gaa etter alderen og vyrdnaden. Poa "langknakke" benken framom borde satt helst handverks folk först, noar det hövde dem var der. Sia var det korim folk og born. Húsmora hadde jamnast plassen sin poa "Sraalgleman" neder-ste enden poa borde. Somme pladsen kan det hende di fleste ha attme borde iser för. Men eg har ikkje hart flere namn.

8 Har alder haurt det. Trur knapt den skjikken ha varre i Uemaa.

9 Ja húsbonsplassen er högsete og er markert poalag poa sommo moalen enten det er i kjökene eller i stua. Men "langknakken" er vist heilt bort-komme no

10 Etter fritt önske

11 Uendeme laut ein vost sjöl i gamel tid, noar ein ha slikt arbeid for seg at det trongtest. Den skjikken er soa gamel som eg kan minnast 60–70 oar.
Aa gaa til bords med lúva poa, kan eg alder minnast eg har sett. Derimot var det vanleg, at karfolka la-loa seg lúva om dem satt aa aat ute – som

5040
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

paa sagen kring ei Höybu eller kvar
som helst ein aat ute. Slik trur eg
er vanleg enno heromkring.

12 Det hende at mange aat av eit
fat i rikktig gamle dagar iser under
markaslaat og liknande. Men slik for
60–70 aar sia aat vanlegvis to og
to av somo fate og likeins av mjölk-
skaala (grautmjölkskaala) For supa
var det somo regel som for graut. To
og to om fate. Men born og gamle ha
gjernast kvar sine skaale med graut
og sup. Mjölk attoat grauta vart
det nok to og to om, heilt til omkring
1890. Alle slike koppar var i min barn-
dom anten av tre eller grovkrus. Tre-
koppa laut fliast ordentleg i lut og
varmt vatten. Utan det vart dem sur.
Det som var bruka aat graut, mjölk
eller sup, kunde aldri brukast til
kjøtt, sild eller fisk. For tre har lett
for aa tak smak. Ei husmor som
ikkje helt flinad paa matkoppar sine
vart halde for ei "Lort park". Aa hald
eit stort mat-hus full av tre koppa
reint etter den gamle skole var svert
arbeidsamt. Om ein tok ei bugje
graut paa sjeia aa duppa i mjölka
vart eg ikkje sikkert. Kanskje helst
om grauten var rikktig varm.
Aa eta graut av kvar sin tallerk er
nok over 50 aar sia — slik jamt
over. Er ikkje muleg aa tidfeste
slikt for ei heil bygd. Trur ikkje
kaffedrikkinga ha innverkna paa kopp-
bruke her. Snoa komma konfirst bruk

5040

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

13 At gryta vart sett poa bordsenden poa
ei grytfjöl trur eg var ofto bruka langt
attende. Men eg ha alder sett det. Varme
retter vart servert beinort froa gryta
heilt til kokplata og store kokkjelar
har avlöyst det.. Dette er ikkji meir
enn 10–15 aar jamt over. Men gryta
laut da stoa i gruva eller poa ein
varm omn og maten aus det beinast
froa gryta. Dette arbeide haur hus-
-mora til, om det var bere huslyd-
den som skulde ha mat. Gjester fikk
maten servert soa omlag poa somo
vis som husets folk. Med i staden for
tre-koppa vart det da bruka kruskop-
pa om det fantest.
14 Aa laga "betta" med faste rassjonar
av al suvelmat undanteke sild og
fisk er gamel. Daarleg husmor som
ikkji greidde det. Smör ost kjött og
flesk vart skjifta poa" baade aat
smoa og "store. Naar flatbröde
var lakt poa plads aat kvar kring
heile langborde – helst ein halv leiv
aat alle vaksne, soa skar matmora
poa smöre og osten i passe kvanta
aa helst like mykje aat vaksne kara.
Sikons med kjött og flesk. Flatbröde
laut da tjene som borddisk som kvar
aat og sin eigen disk tilslutt. Var halde
for daarleg bordskikk aa legg att slikt
i flatbröd. Flatbröd var fast kost til
frukost med iismalak noar det kunde
vera, kak i ei eller onnor form. Kak
kunde serverast attoat mjölk eller

5040

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

i seinare tid slik kring 1880, atoat kaffe helst kvar sundagsmorgo for alle husets folk eller noar det kom gjestar. Frukost med flatbrød og slike „bettå" aa saa varm supe atoat var vanleg. Men ei opsmurt kaksjive eller to, eller ei potetkak med „brøgraut" poa moatte og greie seg eit par gong i vika atoat stepa. Flesk var og frukostsuvel serleg om sommarn. Kjøtt aa fesk vart servert poa somo moaten med kjøttsupe aa potet, koalrot, gulrot aa løk. Men dette moaltide var tit „nons" 4–5 tida. Ein sort grønsaker som var vanleg i 2 lemna først eg mennest, var Timian. No sjel eg det alder.

15 Ja blandt arbeidsfolk og bønder. Aa eg gjer merksam poa, at i vaa bygd ka det bere ein liten klikk som ikkje kan reknast for nokkon stor prosent, som har finare „maneer".

16 Ja det har seg poa somo moaten som med sukkerbiten. Ter kaffen for varm slar vi poa skaala, slik tit kvardags.

17. Noar gaffelen kom i bruk for jestebod og fest, kan eg ikkje minnast. Kondisjonerte vart vist ikkje sett tit bords utan ordentlegt dekktøj i allfald di siste 100 aar. Dom som ikkje ha slike sjøl loante det. Men den store mengde aat nok utan gaffel. At mannfolka aat med tolkniven har eg ikkje hørt. Men dem ha „tomkniv" som var fin og forsegg gjort med messingsskaft og mann og aarstal, og kunde fallast ihop.

5040
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Naturlegvis hadde ikkje alle soa fine
kniva. Noar dem var heimsnaidde soa
sie det seg sjöl at det vart som smeden
var. Men eg har sett slike gamle kniva
med utkrota messingskaft aa namn og
aarstal, slik froa 1790 aa utover. Reine
praktverk. Kvinfolka ha og kvar sin lomm-
kniv men nokko mindre.
18 Var all svara poa dette.
19 Kvar si skjei var visst mer bruklege
i gamel tid. Nett-heile folk kunde merke
skjea si med namn og aarstal og enda
til med fint utskorne roer poa skafte.
Tre-skjeie var vanleg. Men og av horn.
Aa laga fine hornskjeie var mest som
eit handverk. Kunde laga smoa tynne
auso og av horn. Dan moatte da leite
ut serleg fine horn av baade naut
og bokk. Slike fik namne „hornskjei-
kramlar." Det aa laga horne om
vart kalla „kramling" Eg kjöpte horn-
skjeie av ein fant soa seint som i 1908.
Vart da bere bruka som nyöe-spjell.
To-Tre av mannfolka i eit hus
kunde ha kvar si skjei som dem sett i
skjei-stallen atme borde eller i vegg-spr-
unga. Men storparten bruka poa Sam-
sen. Aa vaska vart sjeldne til kvart
moal, soavel som andre koppa. Eg kan
ikkje minnast anna. Dei skjeie som vart
sett i veggen, laut og vaskast, om ikkje
til kvart moal ellers sette dem vonn
smak poa maten. Alt av tre laut vaskast
med lut og varmt vatten, ellers gav det
maten ein smak.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 5040

Eg vil hermed gjer merksam paa at dette er kva som var brukeleg jamover for 60-70 aar sia blandt bönder og husmenn. Smaat om senn kom ein sort metallskjeie i bruk til kvardags. Til festbruk var det nok sölvskjeie. Det er sikkert flere hundre aar gamelt. Eg har set runde smaa skjeiblad med namn og aarstal som tyder paa det. Men slikt var bere hos velstandsfolk.
20 För var tretallerkener vanleg, men serskjille tallerkener for kjött og fisk. serleg i jestebud og for framanfolk. For sunbör og ost ha dene serskjille tallerkener, som alder vart bruka til anna. Aat sill var det og tre-tallerkener helst med ei avlang form. Kunde alder brukast til nokko anna. Steintöj vart kansje teke i bruk slik smaat om senn for 50-60 aar attende. Er unnule da tidfeste. At kvar fik sin grautkopp er kansje litegran yngre. Men at det fantest steintöj enda til i store mengder hos velstands folk er mykje elde. Var bruka bere i gjestebod og fest.
21 Borddük var bruka bere til högtid og fest. Eit kvitskura bord var vanleg. Det finds nok dem som enno brukar det paa kjökene. Men linoleum eller voksduk er for mange aar sia vorte vanleg. Tenkjer det er paa som tek dem av borde millom maala.
22 Ja maala bord som ein vaskar kan nok verta brukt. Ellest ha eg no svara paa dette.

5040

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

23 K5

Husmora delte ut all slags suvel uten silld og fisk. Men Hemne er ei fjordbygd. Silld og fisk kunde di fleste foa med dem „sjøl"(?) „vika". Men eg kan „ikkje" nekte anna enn at eg har haurt om ei „pinhus" som skjifta poa spikjesillda og. Men soa vart ho bra „opflirt" for det. Dette lig snart 100 aar attende.

24 Ja all slags brød vart „poa=skjifte" flatbrød omnsbrød pøtelkak vaffelkak og sjeibla=kak.

25 Mannfolk, serleg om dem gik i tunge arbeid skulde ha mer enn kvinnfolk og born.

Q25 Finds ingen fast regel for slikt. Er det lite hjelp poa kvinfolksia i eit hus, foar nok borna lere aa greie seg sjøl i rett leit. Slikt er soa allfor individuelt.

26 I gamle dagar kun eg gjerne borna vart mer hjelpt attme borde. Vi laga bitte smoa „betta" av hjelt flatbrød og suvel og pøtel. Saa ha dem helst kvar sin kop med sup, graut eller mjølk. Mor eller søster kunde hjelpe fleire i gongen poa den moaten. Ho laut vent med maten, tast borna var mette.

27 Ja eg har haurt at det var vanleg i gamle dagar.

28 Bordbønn kun eg var bruka reint gamelt attende. Eg har dette fra ho bessmor, som var fødd 1821. Far hennar var klokkar i Hemna. Ho fortalte, at

5040

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

borna laut lesa bordbönna kvar sin gong. Aa lesa bordbönn högt trür eg no bere höver religiöse husstyder til. Men aa falda hendene aa lesa ei bönn halvhögt eller aa nemn Jesu namn var vanleg serleg for 50-60 aar sia. Eeg er sikker paa ein ting: Folk ha mykje mer respekt baade for gudo ord aa for maten før. Spørst om vi ikkje har nokko aa ler av dem der. No er eg redd, at mange sjølv blandt bönder, gjar baade til aa fraa borde utan bönn. Naar slikt begjyndte er svert vanskeleg aa sei. Born bli kansje no og jamt over haldne til aa lesa ei bordbön högt.
29 Før - det vil sei for 70-80 aar sia var det halde for god bordskikk at det vart sakt bere det som moatte seiast, medan dem aat. No trür eg det bli baade flirt aa snakka attme borde.
30 Ja i gamle dagar. Moa enno hem hö bessmor mi Guro Henriksdatter Senes född 1821: „Eeg saag aldri han Far lo attme borde, uten denne eine gongen" sa ho. Men altfor mykje latter aa skraal kring borde, av born og vaksne er slett ikkje halde for god bordskikk, dagen idag. Bere vanleg snakk. Eit gamalt ordtak „Ti me du tyg". Men det har som mange andre gamle ordtak dobbelt tyding.
31 I gamle dagar trür eg knapt nokon song attme borde, utan dem var full.

5010 NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Seinare fik vi religiöse bevegelser over bygda — först paa nittanhundra aare og utover. Da var bordvers nok soa vanlege. Men utanom det, har eg aldri haurt at folk song, kring borde, eller noar dem laga mat.
32 Aa det vart vel soa ymse tif kvardags. Men noar det var framande tif bords, soa moatte alle sett tail dem var mett.
33 Verken för eller no, ha det vorre vanleg for husets folk, aa sei takk for mat tif kvardags.
34 Han sa: Sign mat! Slikt ha vist vorre vanlegt, soa langt eg veit om.
35 Ja om ein viste han ha fare langt aa trong mat. Men ikkje ellers. Det kunde ivrell vera ein slektning eller folk du viste sette pris paa det. Men eg tek meg fri heilt tif aa sei, at den gamle jestfriheita er nokko mindre inn för.
36 Ja det bli det nok. Men da moa det ha tolleg somo grumme som i svaret 35. Tellest er, og har vorre slikt individuellt, kaks i skjikken.
37 Ja var han nersskylt eller ha fare langt. Slik er det kansje enno, om matmora ikkje har det for travelt eller at ho er uvanleg økonomisk.
38 Ja det kan kansje finnast tif alle tider slike som har kjeln paa heile dagen. Men det er nok inga bygda-skjikk, verken för eller no.
39 Ja det goar godt an, om du ellers har det reint paa kjökene, aa sett folk tif-

5040

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

bords der. Det gaar og an aa plaser dem poa stua, om ein ikkje har høve til aa sett der sjöl. Slikt kjem mykji an poa gesten. Men som eg allt har sakt: I gamle dagar med det store langborde i stua som einaste spise-sted laut baade gjestar og husfolk sett attme somo bord. For det trong ikkje maten varra akurat likt aat framanfolk og husfolk. Aat "Herre og Farre" som adlåke sei.

40 Ja i gamle dagar var det nok fest aa lett seg be fleire gonger ved borde. Aa det var halde for ei skam, aa gjer altfor stort hogg i maten, sjöl om ein vart beden. Ja dette er heldigvis skjikken enno aa bera seg høvisk ved borde aa ikkje eta beste av det lekraste. Men vanlege folk trong ikkje bli som „Nau=bedne no.

41 Ja eg trur det er ellgamel skjikk at ein av husbonsfolke sett aa ummerhelde gjesten noar han et – passende langt fraa borde men ikkje med ryggen til. Slik er det dagen idag, der de er vanleg folkskjikk.

Ja De faar orsaka ortografien. Eg gekk ut av folkeskulen i 1890. Har ikkje haft ein skuldag seinar

Vossli breokus / des. 1950
Guri Lomundal

5040

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING